

Vestland SV

# Årsmelding 2022

Fylkestingsgruppa



Fylkestingsgruppa desember 2022: F.v. Åsmund Berthelsen, Marthe Hammer, Marianne Sæhle og Symphorien Pombe.

Marthe Hammer, Åsmund Berthelsen, Symphorien Pombe og Marianne Sæhle  
27.01.2023

## Politisk arbeid i post-pandemi, krig og dyrtid

2022 var fyrste heile året utan koronarestriksjonar. Det betyr at for fyrste gong i perioden så har fylkestinget gjennomført fire fysiske møte, høvesvis Sogndal, Rosendal, Mongstad og Bergen. Post-pandemi, men ikkje minst Russland sin invasjon av Ukraina i februar har påverka arbeidet, og ikkje minst påverka mange saker i form av dyrtida som heile verda no er inne i.

SV sin representasjon i ulike utval og råd er vist i Tabell 1 og Tabell 2. Desse vart vald i mars 2020. Einaste endringa er at Ingrid Rekkavik og Akhtar Chaudry har flytta frå fylket og varalista til Utval for samferdsle og mobilitet er supplert med Hege Lothe, og Marianne Sæhle har gått inn i styret i Bybanen AS. SV er framleis del av ein fleirtalskoalisjon saman med Sp, Ap, Krf, MDG og Venstre, og har ein samarbeidsplattform som ligg til grunn for arbeidet<sup>1</sup>.



Figur 1: Tilbake til fysiske fylkesting, Mongstad 22

## Politisk arbeid

### Utval for opplæring og kompetanse

I utvalet er det eit tett samarbeid mellom samarbeidspartia, og føre kvart møte i

hovudutvalet møtest partia og har i alle saker drøfta seg fram til semje. SV har fått godt gjennomslag for sine syn i saker og har hatt ansvar for å fremje koalisjonen sitt syn og forslag i fleire. Som nestleiar er Åsmund med i planlegginga av arbeidet i utvalet saman med leiaren og administrasjonen. Før utvalsmøta prøver Åsmund å ha møte med ein fraksjon som partiet har oppnemnt. På grunn av tid og arbeidet i koalisjonen er det vanskeleg å få dette til å fungere.

### Tilbod, justering og inntak – 2022/2023:

Dei viktigaste sakene som vedkjem ungdommane/elevane direkte er kva tilbod som skal lyst ut og justering av tilbodet etter at søknadsfristen har gått ut. Og så gjennomføringa av inntaket. Konklusjonen for dette i 2022 er at det var godt samsvar mellom utlyst tilbod og elevane sine val. Det var mindre behov for å justere tilbodet, og inntaket gjekk vesentleg lettare enn året før. Færre elevar måtte vidaresendast, det vil seie få eit tilbod dei ikkje hadde søkt på. Eit par klassar kom ikkje i gang fordi det var ingen som søkte, og det er oppretta nokre tilbod langt under oppfyltingsgraden på 85%. Variasjon i tilbodet er prioritert. Vestland har ein overkapasitet på elevplassar på i underkant av 1000 elevar ved 45 vidaregåande skulane. Hovudutvalet har samrøystes vedteke tilbodet som vert lyst ut for skuleåret 2023/2024. Nokre tilbod er med bakgrunn i tidlegare søkjartal vedteke å ta ut. Men dei er ikkje nedlagt for alltid – og kan takast opp att om interessa kjem att. For komande skuleår vert det lyst ut studieførebuande tre-årige tilbod i helse- og oppvekstfag ved fleire skular. Det er gjort ved skular som har hatt fleire klassar innan helse- og oppvekstfag. Ein gjer dette for at dei som vil gå yrkesvegen kjem inn – og at dei som vil

<sup>1</sup> <https://vestland.sv.no/2019/09/15/sv-inn-i-nytt-samarbeid-i-vestland-fylke/>

gå vidare til t.d.sjukepleien tek det tre-årige tilbodet og ikkje vg3 påbygg. Målet er fleire fagarbeidarar i helse – og oppvekst.

#### **Fullføringsreform og temaplan:**

Fullføringsreforma som vart vedteke i Stortinget i juni 2021 har mellom anna som mål at ni av ti fullfører vidaregåande opplæring. Vestland har vedteke å kople arbeider med reforma til handlingsprogrammet for temaplanen, Fornye og Forbetre – auka gjennomføring. Det er godt samsvar mellom reforma og mål og tiltak i temaplanen. Handlingsprogrammet vart vedteke rullert i hovudutvalet i oktober 2022. Det vart vedteke prioritere å fornye og forbetre tilpassa opplæring og å fornye og forbetre overgangar i opplæringa. Vidare skal eksisterande varierte opplæringsarener og alternative løp forbetrast. Og det skal leggest vekt på elevar med låge grunnskulepoeng og språklege utfordringar. I samband med handsaminga av handlingsprogrammet vitja utvalet Hyssingen produksjonsskule i Bergen og vart orientert om at det er vellukka tiltak, både der og i Hardanger. Fylkeskommunen har i utgangspunktet berre dei statlege midlane til å gjennomføre tiltaka som ligg i handlingsprogrammet og i fullføringsreforma

#### **God kvalitet, men ei uro og ei bekymring:**

Kvalitetsmelding for skuleåret 2021/22 vart lagt fram og drøfta både i hovudutvalet og i fylkestinget på slutten av 2022. Meldinga fortel om gjennomgåande god kvalitet både på miljø, trivsel, læring og resultat. Men det er lite endring på det elevane seier om kvaliteten over tid. På mobbing er det ein auke, særleg knytt til kva lærlingar opplever på arbeidsplassane. Dette vart særskilt peika på i samband med årsmeldinga frå mobbeomboda. Og her er det noko som må fylgjast opp. Då meldinga vart drøfta både i hovudutval og fylkesting tok Åsmund opp ei

uro eller ei bekymring som fleire fagfolk uttrykkjer over utviklinga med at fleire og fleire barn og unge opplever ganske alvorlege psykiske problem. Trivselen går ned i skulen, også i den vidaregåande, og mange kvir seg for å gå på skulen. I tillegg er det mange som kjenner på stress og eit for stort press om å prestere. Mellom anna peikar ei Ung dataundersøking for perioden 2013 til 2021 på dette. Men fleire forskarar og ekspertar peikar på det same som ungdommane. Her kan vere fleire forklaringar på forholda. Eit forklaring som går att frå fleire er at skulen har vorte for teoretisk og akademisk – og mellom anna at leiken er borte, heilt frå fyrste klasse av. Meir leik, meir praktisk og sterkare vekt på praktisk estetisk fag må inn i skulen på alle steg! Dette er ei viktig sak for SV å følgje opp. Også med førebygging av problem og ulike hjelpetiltak for dei som slit mest.

#### **Miljøkoordinatorar, frukost og utstyr**

**læremiddel:** I budsjettet for 2023 er det lagt inn nok midlar til at alle skulane i Vestland kan ha miljøkoordinator. Det er ei stilling som skal arbeide mellom elevane, både førebyggjande og med tiltak, for å hjelpe og legge til rette. Skulane avgjer mykje sjølvve korleis dei vil bruke stillingane. Skulefrukost ligg også inne i budsjettet og meir midlar til utstyr/materiell. Ei undersøking hausten 2022 viste at det er stort behov for å fornye og skaffe nytt utstyr/materiell til undervisninga. Ramma for 23-budsjettet er slik at ein vil greie å oppretthalde tilbodet som ein har inneverande skuleår. Men det er behov for å gjere det meir fleksibelt

**Andre saker:** Fylkestinget har vedteke prinsipp for tilrettelagt opplæring (2022)– og det vert utarbeidd retningsliner i 2023. Vedtak om tilgang til gratis sanitærprodukt ved alle skulane vert gjennomført.

Søknad om å starte yrkesfag ved privat skule (Danielsen) har departementet avslått. Vestland skal arbeide for å få eit nasjonalt senter for yrkesfag. Ei gruppe som er politisk forankra arbeider inn mot sentrale styresmakter.

**Saker som kjem 2023:** To viktige saker fyrste halvår er to evalueringar, ei av nærskulemodellen og ei av budsjettfordelingsmodellen. I samband med evalueringa av nærskulemodellen må SV jobbe for å få utvida nærskuleprinippet til den største regionen i Vestland, Bergen og dei næraste omegnskommunane.

Det skal også gjerast vedtak om retningsliner for språkbruk i Vestland fylkeskommune. Hovudutvalet har ved fleire høve særleg drøfta nynorsken si stilling i skulane med vekt på å få bøker og andre læremiddel på både skriftspråka til same tid og pris. Det vert også gjennomført ei kartlegging av grunnen til at mange byttar frå nynorsk til bokmål når dei går frå ungdomsskule til vidaregåande, og frå vg1 til vg2.

### Utval for miljø og samferdsle

**Kollektiv:** Det aller viktigaste som skjedde i 2022 var at Bybanen til Fyllingsdalen opna. Med det får nok ein bydel i Bergen eit høgkvalitetskollektivtilbod, og allereie er passasjertala over det ein estimerte med. Bybanen til Fyllingsdalen medførte ein kostnadsoverskriding på 1 mrd, og det har medført behov for ein ekstern evaluering av prosjektorganisasjon og prosjektstyringa av bybanen. Fylket har sendt inn høyring på reguleringsplanen for bybanen til Åsane. Både administrasjon og fleirtalet støtter trase over Bryggen.

Det viktigaste einskildtiltaket for betre kollektivtrafikk i heile fylket er innføring av ei

Sosialistisk Venstreparti  
Hagegata 22, 0653 Oslo

felles takst-sonestruktur. Dette gjer at alle kan nytte billettane i SKYSS appen. I tillegg har hurtigbåten mellom Bergen og Knarvik også blitt inkludert i sone 1. Etter år med reduksjon i kollektivtrafikken på grunn av korona er det svært gledeleg å sjå at kollektivtrafikken, spesielt i Bergensområdet, endelig er over 2019. Dette viser at det har vore riktig å oppretthalde tilbodet gjennom pandemien. Det er framleis trafikkaos i Bergensregionen, og derfor er det naudsynt med meir kollektivtrafikk, men også trafikkreduserande tiltak i byområdet. Ekstra viktig er slike tiltak når E39 Rådal – Sveгатjørn er opna med firefelts motorveg med 100 km/t, som vi veit vil gjere det meir attraktivt å køyre bil inn til byen.

Krigen i Ukraina gjorde at det på kort tid kom mange ukrainske flyktningar. Dette gjorde at strakstiltak som høve til å reise gratis med buss om ein hadde ukrainsk pass vert innført. Etter som tida går reagerer derimot fleire på at slike goder berre er gitt til flyktningar frå ein nasjon og ikkje andre nasjonar. Marthe stilte derfor spørsmål i utvalet om dette og det har ført til at fylket no gjennomfører eit pilotprosjekt der alle nyankomne flyktningar får gratis kollektivtransport og ikkje berre ukrainske.

**Regional Transportplan (RTP):** Den store saka våren 2022 var Regional Transportplan. Det er stor avstand mellom behova for oppgradering, rassikring og vedlikehald, og tilgjengelege midlar. Fylkestingsgruppa involverte utvida fylkesstyre i den prosessen. Regional Transportplan legg premissa for kva for prosjekt som vert prioritert i åra framover. Ein skal likevel merke seg at ein kvart år vedtek handlingsprogrammet for RTP, noko som betyr at ein kvar år tek ein reell vurdering på kva prosjekt som skal settast i gang påfølgande år. Med unnatak av å skifte ut den

sv.no  
post@sv.no

elektriske kabelferja, med ny bru i Masfjorden, så er SV i hovudsak samd i dei fleste prosjekt, dette er prosjekt som sikrar distrikt, rassikring og trygge bruksvegar.

**Snøggåtanbod:** No ser det endeleg ut som at snøggåtanbodet mellom Bergen og Sogn, og Bergen og Nordfjord vert lyst ut. Kanskje det viktigaste einskildtiltaket for å kutte klimagassutslepp i Vestland.



Figur 2: Marthe og Marianne på veg til fylkesting i Rosendal, med hurtigbåt, juni 2022.

### Utval for næring, naturressurs og innovasjon

Året starta, som det førre slutta, med behandling av Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027. Utval for Næring har fordelt mange midlar til næringsutvikling, dei fleste via Innovasjon Norge og SIVA. I tillegg har vi ansvar for mange planar. Vi har gjennom året jobba med temaplan landbruk, temaplan reiseliv, temaplan breiband og digitalisering, regional plan for fornybar energi, regional plan for innovasjon og næringsutvikling, samt melding om kystskogbruket 2022. Det blir krevjande kvar gang vi diskuterer vannkraft, både innunder vassforvaltningsplanen og planen for fornybar energi, her er samarbeidsplattforma ikkje tydeleg nok, og SP går som oftest saman med H og FRP og sikrar fleirtal som kan peike i retning av meir utbygging av vasskraft. Breibanddekninga i

Vestland ligg godt an, men det er ennå nokre ytterst få stader utan dekning, som vi har som mål å gi breiband til.

### Utval for kultur, idrett og integrering

Det er ein felles arbeidskultur med politikarar frå gamle Sogn og Fjordane og Hordaland som jobbar for heile Vestland. Utvalet har mange kulturmidlar som skal fordelast, desse er alltid godt gjort greie for både skriftleg og munnleg frå administrasjonen. Og i 95% av sakene er heile utvalet samstemt.

Etter gjenopninga av samfunnet har vi hatt møter i ulike kommunar, vi har møtt mange tilsette på dei tre ansvarsområda våre, og kultur- og idrettsorganisasjonar. Inkluderingsfeltet var ikkje godt representert og SVs representant tok initiativ til å invitere dei ulike organisasjonane som jobba med asylsøklarar og flyktningar si integrering i KULII og fekk støtte frå heile hovudutvalet. Nokre av dei som vart invitert var Mennesker I LIMBO og Vestland innvandrerråd.

Under Frivilligheitsårets konferanse i Bergen i juni 2022 fekk vi politikarar i KULII høve til å møte fleire andre organisasjonar vi har i vårt fylke. Felles utfordringer dei hadde var manglande statleg finansiering. Dei takka Vestland fylkeskommune for dei ulike tilskota dei får kvart år, dette er alfa og omega for gjennomføring av arbeidet.

KULII var på studietur til Oslo der vi besøkte Oslo Rådhuset, Münchenmuseum, Deichman Bjørvika bibliotek og Stortinget. På stortinget tok vi opp den økonomiske situasjonen våre museum står i på grunn av manglande statleg tilskot

Utvalet har fått orientering om dagsturhyttene, og målet er å bygge ein eller fleire i kvar kommune i Vestland for å styrke folkehelse, og vi besøkte en dagsturhytte i Førde i 2021. Etter det sendte SVs representant spørsmål til Ordføraren i Øygarden som Øygarden SVs kommunestyrerepresentant om ønske om tre dagsturhytter i kommunen vår med



økonomisk støtte frå fylket.

Under kommunestyremøtet oppmuntret eg kolleger fra alle partier til å stemme for SVs forslag til oppbygging av tre hytter og vi fikk et positivt vedtak. Per i dag er to av dei tre hyttene bygget og er i bruk. Den tredje er under planlegging og skal byggast til Vetten.

Nokre saker er meir vanskelege enn andre. Det eine er fellesmagasin for musea. Behov for avklaring rundt økonomi, eigarskap, samt økonomisk problem i musea på grunn av høgare straumpris gjer saka uavklart. Det andre er KODE. Her har SV og Audun Lysbakken gjort ein kjempejobb med å sikre auka statleg finansiering, her har fylket fulgt opp. Men framleis er det behov for auka midlar på dette feltet. Bergen Nasjonale Veteranskipshavn, her er ein i dialog med Bergen Kommune.

Symphorien Pombe har også representert SV på mange demonstrasjonar i Bergen og vervet nokre nye SV-arar.

### Fylkesutvalet

Koalisjonen er samde om ein rekke saker, men på nokre saker skil vi lag, spesielt gjeld dette fråsegn til kommunanes arealdel og fylkets nye arbeid knytt til kulturminne og anna regionalt planarbeid. Vi skil også lag på høyringar som gjeld naturvern, akvakultur og anna. Mellom anna klarte koalisjonen ikkje å bli einig på temaplan for fornybar energi, der berre Sp og SV stemte mot å auke ambisjonen for vindkraft på land i Vestland. Både i fjor og i 2022 leverte SV framlegg til KS sitt tariffnotat og fekk fleirtal for vedtak om at dei som har stått i fronten i koronapandemien også må få påskjøning for dette, og at lønsoppgjeret måtte ende opp med reallønnsauke. Diverre endte ein opp med den lengste lærarstreiken, noko gruppeleiar Marthe var ute i media og kritiserte KS for.

### Fylkestinget

SV har vore aktiv i fylkesordføraren tale og i ei rekke debattar og saker gjennom heile året.

Sosialistisk Venstreparti  
Hagegata 22, 0653 Oslo

**Tannhelse:** Fylkestingsgruppa har fulgt opp SV sine gjennomslag på stortinget med auka midlar til den fylkeskommunale tannhelsetenesta. Vi har også i budsjettet fått midlar til rekruttering og stabilisering av tannhelsepersonell, og meir midlar til utstyr og lokalar. På investeringsbudsjettet står nye lokalar i Sogndal, Odda, Florø og Bømlo og SV er utålmodig og vil ha ei opprusting av fleire tannklinikkar. 2022 var også fyrste år der 20- og 21 åringane kunne få halv pris på tannlegebehandling om ein gjekk i det offentlege. Dette er no utvida til 26 år. For SV er det avgjerande at ei tannhelsereform styrkar den offentlege tannhelsetenesta, både for å sikre dei som treng tannhelse skal få det, men også for å hindre profitt i velferden. Derfor må milliardane til ei tannhelsereform kanaliseras til oppbygging av den offentlege tannhelsetenesta i fylkeskommunen. SV har også følgt opp sakene som har vore i media om barn som ikkje er fanga opp gjennom helsetenesta basert på manglande oppmøte hjå tannlege.

**Fylkessamanslåing og folkerøysting:** Vinteren 2022 gjekk debatten om fylkessamanslåing og Åsmund hadde derfor interpellasjon om folkerøysting for å oppløyse Vestland. Denne fekk ikkje fleirtal og Vestland vert ikkje oppløyst.

**Havet og fjordane:** Åsmund hadde interpellasjon i sommartinget i Rosendal om bruken og forvaltninga av havet og fjordane. På desembertinget hadde han interpellasjon om naturmangfald.

**Omorganisering i fylkeskommunen:** Marianne hadde spørsmål i fylkestinget i september om val av hotell til fylkestinget og i desember om omorganisering i fylkeskommunen.

sv.no  
post@sv.no

**Einstemmig lagt ned mineralråd:**

Mineralrådet oppretta av Askvoll og tidlegare Naustdal kommune og som SV har meint var ulovleg oppretta. Eit einstemmig fylkesting vil organisere arbeidet på ein annan måte og Hovudutval for næring ber ber no administrasjonen å legge fram sak om eit fagleg forum for mineral i Vestland.

**Budsjettet**

I post-koronatid og tid med auka straumpriser og inflasjon er det krevjande å budsjettere. Samstundes har ein over fleire år komme ut med eit overskot, ein har betalt ned på gjelda, samt at straumprisen gir auka konsesjonskraftinntekter. Dette gjer at koalisjonen kunne budsjettere og ta litt ekstra i, når situasjonen og tida vi lever i, krev det. I ei tid der kvar ein har mindre å rutte med er det å holde prisane på kollektiv låge eit viktig bidrag, og fleire titals millionar vert nytta til det. Vi utvidar familiebilletten til også å gjelde på vekedager, og studentane får endeleg rabatt på enkeltbilletten.

Køene for matkasser vert lengre, folk har problem med å få betale rekningane sine. Derfor er ei ekstra tilskot til Robin Hood huset på 800 000 noko vi veit kjem godt med. Det same er tilskot til Kirkens bymisjon sitt prosjekt for papirlause.

Vi fortsetter satsinga på Regionale kulturbygg og er spesielt glad for at publikumsbygget til Gamle Bergen endeleg har fått sine midlar, slik at det kan realiserast. Det same gjeld ishall på Stord, auka tilskot til Rafto, KODE, Moster amfi og fleire. På utdanning har vi eit kjempeløft på utdanningsutstyr, og auke midlar til skulefrukost og miljøkoordinatorar.

**Organisatorisk**

Marthe Hammer er frikjøpt på heiltid frå fylkeskommunen (90% frikjøpt), dette som ein

Sosialistisk Venstreparti  
Hagegata 22, 0653 Oslo

direkte konsekvens av vervet i fylkesutvalet (50%), gruppeleiar (35%) og nestleiar i utval for miljø og samferdsle (5%). Åsmund Berthelsen er frikjøpt 10% som nestleiar i utval for opplæring og kompetans.

På fylkestinget i Rosendal og på Mongstad hadde vi forfall og vara måtte steppe inn.



Figur 3: Fylkesting på Mongstad med auka beredskap, og med vara Aud Kari Isane

Fylkestingsgruppa er sjølvstilt i djup sorg over at Frøydis Olausson, vår sekretær for fylkestingsgruppa skal slutte. Hun forlèt ein post der ho har vore til veldig stor hjelp over mange år, alt frå å lese politiske saker, vere med i heile budsjettforhandlingane, komme med forslag til interpellasjonar, utspel, legge ut saker på sosiale media og på våre nettsider, samt ta hand om økonomien saman med økonomiansvarleg i fylkestyret. Vi vil takke Frøydis for innsatsen over mange år og ønskje ho lukke til vidare, også ønskjer vi Aslak Owren velkommen som ny fylkessekretær.

Fylkestingsgruppa har også i 2022 hatt Olav Vlam tilsett som innhaldsprodusent i ei 20% stilling. Mellom anna laga han ein flott film av Åsmund Berthelsen i høve han hans 70 årsdag. Olav har også sagt opp si stilling, så vi vil også takke han for arbeidet. Det har vi satt stor pris på.

sv.no  
post@sv.no

## SV i media

Fylkestingsgruppa forsøker å vere aktiv og synleg i media, både tradisjonelle media, radio, TV og aviser, og i sosial media. Vi forsøker også å stille på demonstrasjonar og arrangement når vi vert invitert, og synleggjere SV i saker som er viktige for folk. Vi har også i året som har gått tatt fleire kaffekoppar med aktuelle personar, utan at det nødvendigvis vert ein post på facebook eller eit medieoppslag, men som er viktig for å få auka kunnskap, breie ut nettverk og få fleire innspel og kontaktar.

Uttrekk frå Retriever ligg som vedlegg til årsmeldinga for dei fire faste representantane.

Denne viser primært medieutspel med utgangspunkt i redaksjonar som har kontor her i Vestland.



Figur 4: Gruppeleiar Marthe Hammer i NRK om fylkesutvalets vedtak knytt til elektrifisering av oljeanlegget NOA/Krafla



*Tabell 1: SV sin representasjon i fylkesting, fylkesutval og utval 2019 – 2023 - justert*

**Fylkestinget:**

Representant – Marthe Hammer (Bergen)  
 Representant – Åsmund Berthelsen (Sunnfjord)  
 Representant – Symphorien Pombe (Øygarden)  
 Representant – Marianne Sæhle (Bergen)  
 vara – Aud Kari Isane (Sogndal)  
 vara – Jeffrey Meijer (Bremanger)  
 vara – Ingrid Rekkavik (Bergen)  
 vara – Rafael Garrido (Askøy)  
 vara – Torunn Olsnes (Bergen)  
 vara – Steinar Øydvin (Sogndal)  
 vara – Anne Britt Sørensen (Bømlo)

**Fylkesutvalet, finansutvalet, planutvalet, fylkesvalstyret, valnemd:**

Representant – Marthe Hammer  
 vara – Åsmund Berthelsen  
 vara – Symphorien Pombe  
 vara – Marianne Sæhle

**Utval for miljø og samferdsel:**

Representant - Marthe Hammer (nestleiar)  
 vara – Thor Olav Iversen  
 vara – Gaute Losnegård  
 vara – Hege Lothe

**Utval for opplæring og kompetanse:**

Representant – Åsmund Berthelsen (nestleiar)  
 vara – Jeffrey Meijer  
 vara – Torunn Olsnes  
 vara – Birgitte Holmefjord Olsen Skibenes

**Utval for kultur, idrett og inkludering**

Representant – Symphorien Pombe  
 vara – Aud Kari Isane  
 vara – Rafael Garrido  
 vara – Signe Ekeland

**Utval for næring, naturressurs og innovasjon:**

Representant – Marianne Sæhle  
 vara – Steinar Øydvin  
 vara - Anne Britt Sørensen  
 vara – Torbjørn Taranger

*Tabell 2: SV sin representasjon i styrer, råd og utval 2019-2023 – med justering*

**Baroniet i Rosendal/Den Weis-Rosenkroneske Stiftelse** – styret: Medlem: Signe Ekeland

**Stiftelsen Bymuseet i Bergen** - styret Medlem: Gina Barstad

**Stiftinga Kystkultur no!** - Styret Medlem: Symphorien Pombe

**Stiftelsen Museum Vest** – styret Medlem: Aud Karin Oen

**Stiftinga Norsk Country-treff** – styret: Personleg varamedlem: Marianne Sæhle

**Stiftinga Nynorsk Kultursentrum** – rådsmedlem: Medlem: Hege Lothe

**Stiftinga Røde Kors United World College** – rådet: Vararepresentant: Åsmund Berthelsen (nestleiar i hovudutval for opplæring og kompetanse)

**Stiftinga Vestnorsk Jazzsenter** – styret: Kandidat 3: Jeffrey Meijer

**Distriktsprogramrådet for Vestland** Varamedlem: Aud Kari Isane

**Forum Nye Bergensbanen** – Arbeidsutvalet Varamedlem: Marthe Hammer (nestleiar i hovudutval for samferdsel og mobilitet)

**Kristoffer Lehmkuhls Fond til fremme for Norsk Næringsliv** Varamedlem: Marianne Sæhle

**Rallarvegrådet** Medlem: Marthe Hammer

**Beredt AS** – styret Varamedlem: Rafael Cobo

**Bybanen AS** – styret Medlem: Marianne Sæhle

**Carte Blanche AS** – styret Varamedlem 3: Marthe Hammer

**Teater Vestland AS** (Sogn og Fjordane Teater) – styret Varamedlem 1: Hanna Bergljot Oftedal

**Trivselshagen IKS** Personleg varamedlem: Åsmund Berthelsen

**VIGO IKS** Representantskapet Personleg varamedlem: Åsmund Berthelsen (Nestleiar i hovudutval for opplæring og kompetanse)

**Grieghallen IKS** Representantskapet Medlem: Marthe Hammer

**Verdsarrådet for verdsarvstaden Bryggen:** Varamedlem: Marthe Hammer

**Yrkesopplæringsnemda:** Varamedlem: Åsmund Berthelsen

**Etikkutvalet i Vestland fylkeskommune** Medlem: Symphorien Pombe

**KODE Kunstmuseer og komponisthjem** Varamedlem: Symphorien Pombe

**Ålfotbreen verneområdestyre:** Åsmund Berthelsen

**Nasjonal rassikringsgruppe** Vararepresentant: Marthe Hammer

**Nordsjøkommisjonen** - Tematiske grupper Klima og energi Vara: Soukaina Legdani

**Klima- og miljøpris 2020** - Innstillingsnemnd Leiar: Marthe Hammer

**Fagskulen i Vestland:** Varamedlem: Marianne Sæhle

**Trafikktryggingsutvalet:** Nestleiar: Marthe Hammer

**Administrasjonsutvalet:** Åsmund Berthelsen

**Utsending til KS landsting:** Åsmund Berthelsen

**Klagenemda:** Torunn Olsnes, Nestleiar

**(Fylkeseldrerådet:** Kjellbjørg Lunde, vald inn for LOP)

**Vestlandsrådet:** 2.vara Marthe Hammer

**Regionalt bustadforum:** Marthe Hammer, leiar

---

## Nyheter

---

Forslag om å stanse elektrifiseringa av sokkelen opp i Stortinget	🌐 NRK Vestland	04.01.2022
Med 13 mot 2 stemmer blei Sunnfast til politisk sak i fylket: - Ein krystallklar beskjed	🌐 Kvinnheringen Pluss	12.01.2022
Overdraging av eigedommar i Voss herad	📄 Hordaland	13.01.2022
- Ein krystallklar beskjed	📄 Kvinnheringen	14.01.2022
Fylkestingets gruppeledere går sammen for Sabrin	🌐 Bergensavisen	18.01.2022
Gruppeledere i fylkestinget går sammen for Sabrin	📄 Bergensavisen	20.01.2022
Demonstrerer mot høye strømpriser: - De skal høre oss	🌐 Bergens Tidende - Login	20.01.2022
Familien håpar Gjengedalsvassdraget vert bygd ut	🌐 NRK Vestland	20.01.2022
- Senterområda er for store	📄 Vestnytt	21.01.2022
Demonstrerte mot høye strømpriser: - De skal høre oss	📄 Bergens Tidende	21.01.2022
- Senterområda i Øygarden er for store	🌐 Vestnytt Pluss	23.01.2022
Asylrefs frå vest	📄 Klassekampen	27.01.2022
Vi krever kvinnefengsel på Vestlandet	🌐 Bergens Tidende - Login	05.02.2022
Vi krever kvinnefengsel på Vestlandet	📄 Bergens Tidende	06.02.2022
Her er prosjektene veivesenet vil planlegge i bergensområdet	🌐 Bergensavisen Pluss	08.02.2022
Her vil Statens vegvesen investera 105 milliardar	🌐 NRK Vestland	08.02.2022
Kaller vegvesenet tonedøve: - Dette er helt uakseptabelt	🌐 Bergensavisen Pluss	08.02.2022
Fylkespolitikerne vil ikke ha elektrifisering	🌐 Bergens Tidende - Login	09.02.2022
Fylkespolitikerne vil ikke ha elektrifisering	📄 Bergens Tidende	10.02.2022
Vil fremje sak om folkerøysting om deling av Vestland fylke	🌐 Fjordabladet Pluss	12.02.2022
Regnefeil kan ha ført til bybanesprekk på 267 millioner: - Det faktiske resultatet vet vi ikke før om et års tid	🌐 Aftenposten - Login	14.02.2022
Regnefeil kan ha ført til bybanesprekk på over en kvart milliard	📄 Bergens Tidende	15.02.2022
Fanemarkering og fakkeltog mot høye strømpriser: - Vannkraften er vår!	🌐 Bergens Tidende - Login	15.02.2022
- Vannkraften er vår!	📄 Bergens Tidende	16.02.2022
Usekje om elektrifisering er naudsynt for å nå klimamåla	🌐 NRK Vestland	18.02.2022
Punkt på fleire lokale vegar vert utbetra	📄 Hordaland Folkeblad	22.02.2022
BIR har fått CO2-regning som svir	📄 Fanaposten	15.03.2022
Ny CO2-avgift svir for BIR/BIR har fått CO2-regning som svir	📄 Fanaposten	15.03.2022

BIR har fått CO2-regning som svir	🌐 Fanaposten Pluss	15.03.2022
Vestland fylkeskommune er klar for nye og større oppgaver	🌐 Vestland fylkeskommune	17.03.2022
Sa nei til folkerøysting	🌐 Firda Tidend	18.03.2022
SV vil øke rushtidsavgiften	📄 Bergens Tidende	19.03.2022
Livsfarleg skuleveg i meir enn 50 år	🌐 Vestnytt Pluss	19.03.2022
Skaff oss båtrute frå Øygarden til Flesland og Bergen	🌐 Vestnytt Pluss	21.03.2022
Livsfarleg skuleveg i meir enn 50 år	📄 Vestnytt	22.03.2022
Skaff oss båtrute frå Øygarden til Flesland og Bergen	📄 Vestnytt	29.03.2022
Hans Olavs makeløse kamp ble kronet med seier: Nå sikres den farlige veien	🌐 Bergensavisen Pluss	29.03.2022
NÅ SIKRES DEN FARLIGE VEIEN	📄 Bergensavisen	29.03.2022
Her gravlegg han engasjementet sitt	📄 Nordhordland	30.03.2022
Fallem fekk farten ned	🌐 Vestland fylkeskommune	01.04.2022
Fallem ga god effekt i Nattlandsveien - nå bestiller fylket én til	🌐 Veier 24	01.04.2022
«Fallem» fikk ned farten	🌐 Anlegg&Transport	04.04.2022
Fylkesdirektør erkjenner svikt i flere ledd. Gutt ble ikke fanget opp av tannhelsestjenesten.	🌐 Bergens Tidende - Login	05.04.2022
